



Notat

Dato: 21.03.2016
Arkivsak: 2016/2011-15
Saksbehandlar: ireolse

Til: Vidar Kloster

Frå: Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02130 - Austrheim vgs - rehab. omb. forprosjekt

Rekneskap: 1 175 599,27 Budsjett: 1 000 000,-

Fuv 33/14 – løyving kr 700 000,-

Utdrag frå saka:

«Austrheim vidaregåande skule består av 2 byggetrinn frå 1972 og 1978. Bygget var i utgangspunktet eit industribygg som seinare er ombygd til skule. Det er no behov for ei større rehabilitering av bygget med tekniske installasjonar. I samband med ei eventuell rehabilitering blir det viktig å gjera enkelte bygningsmessige tilpassingar opp mot dagens behov.

For å få ei oversikt over omfanget må det utarbeidast eit forprosjekt som syner anbefalt løysing og økonomiske konsekvensar. Ein rår til at det i denne omgang vert løyvd 0,7 million kroner til dette arbeidet. Kostnaden på 0,7 million kroner er basert på kalkyle.»

Fuv 278/14 – løyving kr 300 000,-

Utdrag frå saka:

Fylkesutvalet løyvde i sak 33/2014 i februar i år 0,7 million kroner til forprosjektet. Beløpet var basert på ei kalkyle. Arbeidet med forprosjektet har blitt noko meir omfattande og kostnadskrevjande enn ein kalkulerte ved oppstart. Arbeidet med forprosjekt er no i ein slutfase, og ein rår til at det vert løyvd ytterlegare 0,3 million kroner til prosjektet i 2014.

Kommentar:

Prosjekteringskostnadane vedrørande branntekniske premisser, VVS og EL vart høgare enn kalkulert. For å få eit godt nok beslutningsgrunnlag vart det og beslutta at prosjekteringsgruppa skulle vurdere tre alternative løysningsforslag, og ikkje berre eit. Samla har prosjektet difor fått eit meirforbruk på kroner 175 599,27

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport

